

INNTAKSREGLEMENT FOR FOLDRØY MONTESSORISKULE AS

Vedteke 26.januar 2025

§ 1 Generelt

Inntak av elevar til Foldrøy Montessoriskule skal skje i samsvar med privatskulelova og inntaksreglement fastsatt av styret til Foldrøy Montessoriskule. Reglementet skal sikre ei rettferdig, open og føreseieleg inntaksordning.

§ 2 Elevinntak

I tråd med privatskulelova §3-1. har Foldrøy Montessoriskule heile landet som inntaksområde, og er open for alle grunnskuleelevar så langt plassen tillet det.

Styret ved Foldrøy Montessoriskule avgjer kvart år kor mange elevar som skal tas inn for komande skuleår ut frå kapasitet ved skulen. Dette blir gjort ut frå ramene av det antall elevar skulen har godkjenning for.

Dersom det er fleire søkarar enn skulen har kapasitet til, skal ein avgjere inntaket etter følgjande prioritering:

1. Born som startar i 1.trinn, deretter 2.trinn, 3.trinn osv.
2. Born med sysken på skulen.
3. Born som er busatt i kringkrensene til gamle Foldrøy skule (2024).
4. Born som har føresette som er fast tilsette ved Foldrøy Montessoriskule.
5. Born som har gått på montessoriskule, eller i montessoribarnehave.

Dersom to born stiller likt i henhold til vilkåra i punkt 1-5, vil styreleiar saman med eit styremedlem føreta loddtrekning.

§ 3 Kunngjeringar om inntak av elevar

Informasjonen om inntak for komande skuleår vert offentleggjort i lokalpressa, på skulen sin nettstad og andre hensiktsmessige medium seinast 4 veker før søknadsfrist.

Kunngjeringa skal gi naudsynte opplysningar om søknadsfrist og kva klassetrinn det kan søkjast for. Søknadsskjema fås ved å kontakte skulen eller på skulen sin nettstad.

Søknadsfristen kvart år er 1.desember. Dersom det er ein heilagdag/offentleg fridag, er søknadsfristen påfølgjande verkedag.

§ 4 Handsaming av søknadar og kunngjering om inntak av elevar

Når søknadsfristen er ute, skal styreleiar og eit styremedlem i fellesskap gå gjennom dei søknadane som er kome inn og legge fram eit skriftleg forslag om inntaket til styret. I tillegg skal det leggst fram forslag til prioritert venteliste (§5). Styreleiar kan peike ut ein annan frå styret til å ta del i dette arbeidet. Styret tar endeleg avgjersle om inntaket.

Søknadar om inntak vil verte handsama og vedteken i høve til forvaltningslova sine føresegner. Departementet er klageinstans, jf. privatskulelova § 3-1. sjette ledd.

Kunngjering om inntak skal finna stad innan 6 veker etter utløp av søknadsfrist. Alle søkjarane skal ha skriftlege svar på sine søknadar. Melding om inntak, eller avslag på søknad, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket skal grunngjevast, og søkjar skal gjerast merksam på moglegheit for å klage og retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven. Ved inntak av elevar skal Foldrøy Montessoriskule senda melding til heimkommunen sin skuleadministrasjon snarast etter inntak.

§ 5 Prioritert venteliste

Som eit ledd i arbeidet med elevinntaket ved skulen, skal det også settes opp ei prioritert venteliste i henhold til forvaltningslova. Denne lista skal nyttast dersom ein eller fleire av elevane likevel ikkje nyttar tildelt plass ved skulen.

Søkjarane vert skriftleg informert om kva plass dei står på den prioriterte ventelista. Ventelista er gjeldande frå 1.desember i søkjeåret til 1.august i påfølgjande kalenderår. Elevar som står på venteliste må søkja på nytt om skuleplass for neste skuleår, på lik linje med andre søkjarar, innan ordinær søknadsfrist.

§ 6 Endring av inntaksreglement

Inntaksreglementet kan endrast av styret for Foldrøy Montessoriskule innanfor ramma av gjeldande reglar i lov om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova) § 3-1.